



Lyngmarka borettslag
v/Styreleder Julian J Jakobsen
Strandvegen 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2348 - 16/23880

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
13.09.2016

Vedkomande hensetting av kjøretøy, tilhengere og campingvogner Strandvegen - Gjervik Ytre

Lindås kommune ved Teknisk drift har registrert at siktsonene til Lyngmarka borettslag sine avkjørsler vert nytta til parkering/hensetting av kjøretøy og anna utstyr. Vi vil gjere Dykk merksam på at det ikkje er lov å nytte siktsonar til parkering eller hensette sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Dette er krav som er gitt i avkjøringsløyve frå kommunal veg. Krava er fastsett av vegdirektoratet i lover og forskrifter. Lyngmarka borettslag er sjølv ansvarleg for halde sine siktsonene vedlike.

Teknisk drift ber nå borettslaget om å informere bebuarane om at dei ikkje kan parkere/hensette kjøretøy og anna utstyr i Strandvegen. Parkeringa/hensettinga må skje på privat grunn. Den enkelte eigar av kjøretøy og anna utstyr er ansvarleg for å undersøke om det er parkeringsrestriksjoner langs offentleg veg. Sjølv om offentleg veg ikkje er skilta med parkeringsforbod kan det framleis være ulovlig å parkere langs denne.

Dagens regelverk seier, blant anna, at det er parkeringsforbod i offentleg veg dersom vegen er uoversiktlig, har avkjørsler med tilhøyrande siktsoner, parkering hindrer drift og vedlikehald av veg/veggrøft eller parkering hinder framkommelighet for større kjøretøy (utrykkingskjøretøy, brøytebil, bossbil etc).

Teknisk drift har fått tilbakemelding frå våre kontraktørar og frå vår driftsavdeling om at parkering i Strandvegen er til hinder for nødvendig drift og vedlikehald av veg/veggrøft. Teknisk drift har òg motteke uromelding frå fleire som bur i området om at kommunal veg og private avkjørsler er uoversiktig grunna parkeringa.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Vegnormal N 100, forskrift om kjørende og gående (trafikkregler) § 17.1 a) og b) og § 17.2, samt vegtrafikkloven § 3 og § 37b) og c) at Teknisk drift ber om at kjøretøy, campingvogner og anna utstyr vert flytta inn på privat grunn.



Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Driftsansvarleg kommunal veg

Mottakarar:

Lyngmarka borettslag

Strandvegen 20 5914

ISDALSTØ